

# Retningslinjer for tildeling av økonomisk stønad frå Stord Ungdomsråd



*Ungdomsrådet har per i dag kroner 50.000 til eigen disposisjon årleg. I følgje vedtektene til ungdomsrådet, § 6.1 disponerar ungdomsrådet sjølv dei midlane som er avsett til rådet si verksemd. Dette skal dekkja møteverksemd, arrangement, og mogelege tilskot til lag og organisasjonar.*

*Aktuelle søknadar på økonomisk stønad frå ungdomsrådet må følgje desse retningslinjene:*

1. Berre organisasjonar og lag som har medlemmer under 19 år kan søkja, og majoriteten av medlemmane i organisasjonen må vera under 22 år. Dette for at ein skal halda ein klar barne- og ungdomsprofil på tildelingane. Medlemsliste må leggjast ved om søknaden skal bli godkjend. Ungdomsrådet føreheld seg retten til å kunne ta stikkprøvar.
2. Berre søkarar med lokal forankring vert vurdert.
3. Søknaden må innehalda:
  - Konkret informasjon om kva det vert søkt om og kvifor.
  - Opplysningar om søkjar og kontaktinformasjon til kontaktperson.
  - Økonomi; budsjett og dei reelle driftskostnadane til laget/ organisasjonen/ arrangementet.
  - Kostnader ved arrangementet det vert søkt om, og annan finansiering må kome fram.
4. Lag som søker stønad skal i regelen ha drive verksemda si i minst 6 månader. Det kan etter skjønn gjerast unntak, til dømes å søka om midlar ved oppstarten av eit lag.
5. Søkarar som får stønad forpliktar seg til å profilera Stord Ungdomsråd i sine arrangement. Logoen til Ungdomsrådet skal nyttast.
6. Søkarar som får stønad må senda inn prov på kva pengane vert brukt til.
7. Ungdomsrådet har ein kontinuerleg søknadsprosess. Søknadar som kjem inn seinast ei veke før møte i Ungdomsrådet vert vurdert på møta. Møtekalenderen til Ungdomsrådet er å finna på heimesida (<http://www.stord.kommune.no/no/Politikk/Styre-rad-og-utval-/Stord-ungdomsråd/>).
8. Søknadar skal sendast med vedlegg til [stord.ungdomsraad@stord.kommune.no](mailto:stord.ungdomsraad@stord.kommune.no) eller Stord Ungdomsråd, postboks 304, 5402 Stord.